



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3466 - 22/41144

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2022


Oversender søknad om dispensasjon og rammeløyve til oppføring av leilighetsbygg til uttale - gbnr 445/36 Manger nedre

Tiltak: Søknad om rammeløyve
Byggjestad: Gbnr: 445/36
Tiltakshavar: Kvalheim Eiendom As
Ansvarleg sækjar: Ing K Dømbe


Saka gjeld søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av to bustadbygg, eit med 4 leilegheiter og eit med 6 leilegheiter på Hesthaugen, gbnr. 445/36 Manger nedre.

Det vert søkt om dispensasjon for å byggje seksmannsbustad og firemannsbustad på tomta. Denne dispensasjonen er gitt tidlegare i 2007, men er ikkje lenger gjeldande då den er gått ut på dato. Tiltaket er avhengig av dispensasjon for å kunne nytte eksisterande avkøyrslø og opparbeidd veg inn til feltet. I reguleringsplan Manger sentrum planid. 1260200700800 er avkøyrslø og veg inn til Hesthaugen flytta lenger nord.

Situasjonsplan og reguleringsplan



Situasjonsplan dagens avkøyrslø



Reguleringsplan Manger sentrum planid.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplan for Hesthaugen nord planid. 12602005000100 er definert som bustadområde B4.

VURDERING

Det er søkt om å få nytta eksisterande avkøyrslø og den ferdig opparbeidde vegen inn til bustadfeltet. Avkøyrslø og veg er bygd etter reguleringsplan Hesthaugen nord. Ny regulert avkøyrslø i reguleringsplan Manger sentrum er ikkje etablert, og ansvarleg søkjar meiner det er urimeleg at Kvalheim Eigedom skal måtte opparbeide denne for å få løyve til å oppføre 10 nye bueningar i bustadfeltet Hesthaugen.

Sidan tiltaket og avkøyrslø er regulert er det Alver kommune som skal handsame dispensasjonssøknaden.

Søknaden vert oversendt Vestland fylkeskommune for uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ing K Dømbe
Kvalheim Eiendom As

Litleåsvegen 49
Postboks 1

5132 NYBORG
5931 MANGER

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen